



Harald Berg og Bjørn Bringedal kom på ein god andreplass saman med Ivar B. Arnesen i Spar-konkurransen dette året. Vinnaren Gunnar Eik var diverre ikkje til stades då punktum vart sett torsdag kveld. Bak dei to karane står pokalen og ventar på han. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gunnar Eik gjekk til topps og vant ein staseleg og stor pokal i tippekonkurransen på Spar dette året. Tevlinga gjekk over fire laurdagar med ein 96-rekkers kupong. Eik var eitt poeng foran ein trio som delte andreplassen: Ivar B. Arnesen, Harald Berg og Bjørn Bringedal.

16 var med denne gongen og det er truleg deltakar-rekord. Dette var femte året det vart avvikla ein slik mannjevning mellom tipparane i Uskedalen.

Bjørn Bringedal har vore med alle gongane og gjort det godt: Han har vunne ein gong, vorte nummer to to gonger, nummer tre ein gong og nummer fem ein gong. Som toppen i denne runden fekk han ein tiar, som gav ein premie på 35 kronar!

- Men du har kanskje også nokre store premier å sjå attende på?

- Nei, slett ikkje, det vart 4.500 kroner før jul medan den personlege rekorden er 7.700 kroner – for mange år sidan.

- Men du gjev ikkje opp?

- Nei, slett ikkje. Etter at eg har vorte skuffa nok ein gong plar seg seia at eg støttar breidde-idretten. Det er ein grei måte å kamuflera tapet på. Det er i det minste betre enn å hiva kupongen i peisen i vona om at ein skal varme seg på han!

Av Ola Matti Mathisen

Sjå resultatata [her](#)